



## Notat

Dato: 10.09.2018  
Arkivsak: 2016/5778-17  
Saksbehandlar: endnils

---

**Til:** Sigrid Næsheim Bjercke

---

**Frå:** Endre Sten Nilsen

---

### **Kulturminnefagleg innspel - Åsane - Eidsvåg skole - gnr 216 bnr 119 m.fl. - Reguleringsplan - Bergen kommune**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare i planprosessen spilt inn at det vart naudsynt med ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova. Vi ser at planområdet no er redusert slik at det samsvarer med reguleringsplan for Eidsvågveien Fv 267. Då undersøkingsplikta i det aktuelle arealet er oppfylt i samband med denne planen har Hordaland fylkeskommune ingen vidare merknad i saka, og krav om arkeologisk registrering fell bort.

I vårt tidligare fråsegn skreiv vi mellom anna om skuleanlegget:

*Eidsvåg skuleanlegg, teikna av Torgeir Alvsaker og Einar Vaardal-Lunde (1952-1970) har regional kulturminneinteresse då det har svært høg verneverdi.*

Vi er nøgd med at det er teke omsyn til desse verdiane i plankart og føresegn.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.